

Det var i kommisjonen eit ønskje om å kome fram til ein rapport alle kunne stille seg bak, men ikkje for ein kvar pris. Konsensus som resultat av minste felles multiplum har liten verdi, det bringer lite nytt. Det var tøffe tak, lange og intense kommisjonsmøter der vi braut mot kvarandre. Det var krevjande; emosjonelt, intellektuelt og relasjonelt. Vi strakte oss; I brytninga mellom nye funn, ny innsikt og ny erkjenning etablerte vi ny kunnskap om fornorskingspolitikken, om uretten og om konsekvensane for enkeltindivid, for samane, kvenane/norskfinnane, skogfinnane som folkegrupper og for majoritetssamfunnet. Målet om konsensus nådde vi ikkje. I ei eige fråsegn har Aslak Syse grunngjeve kvifor han ikkje kan stille seg bak enkelte kapitel i del 3, om konsekvensane av fornorskingspolitikken, og gjev uttrykk for at han er kritisk til at kommisjonen fekk hastverk i sluttfasen. Syse understrekar at han sluttar seg til hovudfunna i rapporten og at han sluttar seg til tilrådinga til kommisjonen.

Rapporten *Sannhet og forsoning* har etablert ny kunnskap om bakgrunnen for, innhaldet i og konsekvensane av fornorskingspolitikken og av uretten enkeltindivid og minoritetsgruppene har vore utsett for. Denne kunnskapen er det viktig å halde fast ved. Kunnskapen gjev eit felles grunnlag for vegen vidare. Styresmaktene har eit særskilt ansvar for å erkjenne konsekvensane av fornorskingspolitikken og av uretten, og ta det naudsynte oppgjeret med denne politikken og med konsekvensane av den. Men ansvaret kviler også på samfunnet som heilskap, og rapporten inneheld ei rekkje oppmodingar til oppfølging og handling for institusjonar og verksemdar.

Stortinget hadde sett ned Sannhets- og forsoningskommisjonen og rapporten frå kommisjonen utfordra Stortinget gjennom forslaga til tiltak, desse var organisert rundt fem søyler: Kunnskap og formidling, Språk, Kultur, Førebygging av konflikhtar og Implementering av regelverk. Kvar av søylene inneheldt fleire punkt og hadde også oppmodingar til tiltak for oppfølging i sivilsamfunnet.

MOTTAKINGA AV RAPPORTEN

Etter at rapporten blei lagt fram for Stortinget har eg og andre frå kommisjonen reist rundt om og presentert innhaldet i rapporten. Sjølv har eg vore rundt om i heile landet og presentert rapporten for ulike grupper, til saman rundt 30 gongar på under eit år. Mottakinga av rapporten har vore svært god.

Der eg har vore har eg snakka om bakgrunnen for kommisjonen, om at Sametinget over lang tid hadde ivra for at Norge skulle få ein sannhets- og forsoningskommisjon. Om kvifor den da sittande regjering sa nei og om korleis representantforslaget frå SV-representantane Kirsti Bergstø og Torgeir Knag Fylkesnes resulterte i oppnemning av Sannhets- og forsoningskommisjonen i 2018.